

Tidleg gjødsling og hausting for meir og betre grovfôr

Håvard Steinshamn, NIBIO

Klimaendringane med aukande middeltemperatur gjer at vekstsesongen har vorte lenger. Det er særleg auka temperatur om våren, framfor hausten, som vil vere gunstig for jordbruket. I eit feltforsøk testa vi derfor om tidlegare gjødsling om våren gjev større avling, og i kombinasjon med tidleg førsteslått, betre fôr kvalitet framfor normal tid for vårgjødsling og førsteslått.

Tidleg vårgjødsling gav i gjennomsnitt over tre engår 15 % større årsavling enn normal tid for vårgjødsling. Tidleg førsteslått gav 8 % lågare årsavling enn normalt tidspunkt for førsteslått. Gjødslingstidspunkt hadde ingen effekt på fordøyelegheita av avlinga, men tidleg gjødsling gav lågare proteininnhald både i førsteslått og i årsavlinga.